



Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune 2009 – 2012.

Vedtatt i Gol kommunestyre 9. desember 2008, sak 97/08
Rullert i Utval for kultur og levekår 1. desember 2010, sak 40/10 og
7. desember 2011, sak 44/11

Forord

Utval for kultur og levekår (UKL) vedtok i sak 15/08 å starte arbeidet med revisjon av kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.

UKL nedsette ei tverrfagleg arbeidsgruppe til å utarbeide planen.

Arbeidsgruppa har bestått av

- Avdelingsleiar Liv Rosén
- Spesialkonsulent Lornets Letnes
- Miljøvernrådsgjevar Jørn Magne Forland
- Frisklivskoordinator Tone Karlsen
- Rektor Hallgeir Haugen
- Arve Rustberggard, Gol Idrettsråd
- Thorgeir Røer, Gol Reisemål

Avdelingsleiar Liv Rosén har vore sekretær for gruppa.

Denne planen tek for seg både anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og er grunnlaget for å kunne søke om spelemidler. Det er foretatt ei resultatvurdering av den fireårs-perioden som er tilbakelagt (2005-2008), aktivitet og anlegg er blitt registrert, og nye behov vurdert. Det fireårige handlingsprogrammet som planen munnar ut i vil årleg bli vurdert rullert etter ei samla vurdering av framdrifta for dei ulike tiltaka, og eventuelle nye føresetnader og behov.

I planprosessen er det blitt lagt vekt på medverknad frå organisasjonar, institusjonar og enkeltpersonar ved at desse er blitt inviterte til å koma med synspunkt og innspel til nye idrettsanlegg, rehabilitering av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftslivsanlegg og fysiske aktivitetar. Gol ungdomsråd og Barnerepresentanten har fått høyringsutkastet til uttale.

Gol, 6. november 2008

Innhold:

- 1 Innleiing**
 - 1.1 Om planen
 - 1.2 Bakgrunn
 - 1.3 Definisjonar

- 2 Utviklingstrekk i kommunen**
 - 2.1 Folketalsutvikling
 - 2.2 Busetjingsmønster 1980 til 2008
 - 2.3 Reiseliv

- 3 Målsetjing for kommunens idretts- og friluftspolitikk**
 - 3.1 Relevante målsetjingar i Kommuneplan for Gol 1998-2010
 - 3.2 Overordna målsetjing for denne planen
 - 3.3 Delmål

- 4 Verkemiddel**
 - 4.1 Statlege verkemiddel
 - 4.2 Fylkeskommunale verkemiddel
 - 4.3 Kommunale verkemiddel

- 5 Resultatvurdering av Kommundelplan for idrett og fysisk aktivitet i Gol kommune 2005 – 2008**

- 6 Forhold til andre planar**

- 7 Planprosessen**

- 8 Status i Gol kommune**
 - 8.1 Registrering av idrettsanlegg
 - 8.2 Registrering av friluftsanlegg og område
 - 8.3 Registrering av aktivitet

- 9 Analyse av behov for aktivitet og anlegg**
 - 9.1 Regionalt/interkommunalt arbeid
 - 9.2 Skulens rolle
 - 9.3 Hallingmoprojektet
 - 9.4 Ordinære anlegg
 - 9.5 Nærmiljøanlegg
 - 9.6 Friluftsliv
 - 9.7 Fysisk aktivitet

- 10 Prioritert handlingsplan**
 - 10.1 Spelemiddelordninga
 - 10.2 Handlingsplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Gol kommune 2009-2012

- 11 Handlingsplan for fysisk aktivitet**

- 12 Uprioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde 2009-2019**

- 13 Kart**

1 Innleiing

Denne planen er ein tematisk, kommunal plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune. Planen skal reviderast kvart fjerde år. Det fireårige handlingsprogrammet skal rullerast eller takast opp til behandling årleg.

Planen er retningsgjevande for kommunens arbeid med idrett og fysisk aktivitet

Planen skal vera eit styringsverktøy i samband med bygging og rehabilitering av idretts-, friluftsliv- og nærmiljøanlegg og fysiske aktivitetar. Planen omfattar både offentlege og privat-/organisasjonseigde anlegg.

1.1 Bakgrunn

Kultur- og kyrkjedepartementet stiller krav om at kommunen skal ha ein plan for utbygging av anlegg og område for idrett- og friluftsliv for å kunne søke om spelemidlar til slike anlegg. Gol kommune utarbeidde sin fyrste plan for utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv i 1994, med ei fullstendig revidering i 1999 (vedtatt 2000) og i 2005.

1.2 Definisjonar

Kultur- og kyrkjedepartementet definerer anlegg det kan søkjast om spelemidlar til i følgjande kategoriar:

1.2.1 Nærmiljøanlegg

er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Dei skal hovudsakleg ligge i tilknytning til bustadområde og/eller opphaldsområde. Nærmiljøanlegg er primært for barn og ungdom. Anlegga skal ikkje utformast for å dekke behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet, eller ordinær konkurranseidrett. Eksempel på nærmiljøanlegg er balløkker, skileikområde, skateboardanlegg og skulane og barnehagane sine uteområde.

1.2.2 Ordinære anlegg

er anlegg som gir rett til spelemidlar slik det framgår av "Forskrifter og bestemmelser om stønad av spillemidlene til anlegg for idrett og friluftsliv". I hovudsak er desse anleggstypene nært knytta til konkurranse- og treningsverksemd for idrettsorganisasjonane. Dei tekniske krava til mål og utforming av anlegga tek utgangspunkt i konkurransereglane til særforbunda.

Tradisjonelle anlegg til friluftsliv kjem innunder denne kategorien.

1.2.3 Nasjonalanlegg

er anlegg som tilfredsstillar krava til internasjonale meisterskap og arrangement.

1.2.4 Friluftslivsanlegg.

Kategorien omfattar t.d. heilårsløyper med lys, turløyper/stigar, turveggar og skiløyper, turkart, dagsturhytter og sanitæranlegg knytta opp til aktivitetsanlegg.

1.2.5 Fylkesidrettsanlegg

er anlegg som skal ha ein slik standard at det skal kunne arrangerast norske meisterskap der. Ingen anlegg i Gol har status som fylkesidrettsanlegg.



2 Utviklingstrekk i kommunen

Folketalsutviklinga er avgjerande når behovet for nye friluft- og idrettsanlegg skal vurderast. Folketal, aldersfordeling og busetjingsmønster må ligge til grunn for kor mange og kva for type anlegg kommunen skal ha. Det må også takast omsyn til at Gol er ein reiselivskommune og at visse friluftsliv- og idrettsanlegg må tilretteleggast med tanke på det.

2.1 Folketalsutvikling

Prognosen seier at folketalet i Gol vil auke med 324 – frå 4485 i 2010 til 4809 i 2020. Det tilsvarar ein årleg auke på ca. 0,7%. Kommunen vil få 44 nye barn i skulepliktig alder (+8,4%). Elevar i vidaregåande skule og yrkesalder aukar med 176 (+6,1%), og pensjonistar med 170 (25%). Eldrebølgja i Gol kjem 2015, og blir forsterka frå 2020 og utover.

Framskrivning av folkemengda etter alder 2007-2020
(SSB variabel MMMM)

	2007	2010	2015	2020
0-5 år	293	315	306	327
6-15 år	523	553	570	567
Over 67 år	680	714	772	850
Totalt	4385	4485	4645	4809

2.2 Busetjingsmønster 1980 til 2008

(SSB Statistikkbanken)

Krets	1980	2001	2008
Golreppen	2080	2305	2406
Herad	924	1002	978
Øygdane	594	487	466
Åsgardane	319	304	309
Rotneim	316	309	280

2.3 Reiseliv

Gol er ein reiselivskommune der den kommersielle reiselivsnæringa står for ein betydeleg del av direkte og indirekte sysselsetting og verdiskaping. Talet på overnattingar dei siste åra har gått ned og tiltak må setjast inn for å styrke Gol sin posisjon som reiselivskommune.

3 Målsetjing for kommunens idretts- og friluftspolitikk

3.1 Relevante målsetjingar i Kommuneplan for Gol 1998-2010

I Kommuneplan for Gol 1998-2010 er det formulert langsiktige målsetjingar som også blir førande for denne planen:

- Både kultur- og naturlandskap er særst viktige ressursar for framtida. Bevaring av samanhengande naturområde for friluftsliv og viltbiotopar er nødvendig for innbyggjarane, besøkande og for bevaring av biologisk mangfald.
- Helsetilbodet skal oppretthaldast eller helst forbetrast i omfang og nivå i høve til dei tenestene som vert ytt i dag. Det skal spesielt leggast vekt på førebyggjande arbeid.
- Kommunen vil prioritere støtte til idrettsaktivitetar for barn og unge samt handikappa.
- Område som er viktige for friluftslivet, både sommar og vinter, skal ikkje takast i bruk til andre føremål.
- Buområda skal utformast slik at det er leikeplassar og balløkker i rimeleg avstand frå heimane

3.2 Overordna målsetjing for denne planen

Gol kommune skal ha som satsingsområde å tilrettelegge for fysisk aktivitet, både som førebyggjande helsearbeid, som attraktiv fritidssyssele og som profilering av Gol som attraktiv bu- og reiselivskommune.

3.3 Delmål

- Barn og unge skal ha tilbod om deltaking i idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i skular, SFO, barnehagar og på fritida i sitt nærmiljø.
- Tiltak innanfor alle offentlege instansar som har interesser i fysisk aktivitet må samordnast.
- Folkehelseperspektivet skal implementerast i alle delar av kommunens planarbeid
- Få fleire innbyggjarar i aktivitet, spesielt utsette grupper
- Ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar skal ein innarbeide areal og anlegg for leik, idrett og friluftsliv som ein del av bumiljøet.

- Skuleverkets, reiselivets, idrettens og friluftslivets behov for areal og anlegg bør samordnast.
- Anlegg som blir brukt av mange skal prioriterast i planperioden.
- Ved behov for større, kostnadskrevjande anlegg skal regionalt/interkommunalt samarbeid om investering og drift vurderast
- Funksjonshemma skal ha tilgang til idrettsanlegg og skal gjevast gode og varierte moglegheiter for friluftsliv.
- Det skal tilretteleggjast for eit forsvarleg vedlikehald og opprusting av eksisterande anlegg.
- Samarbeidet mellom kommune og idrettslag må vidareutviklast, både gjennom samarbeid om prosjekt og gjennom drifting av idrettsanlegg.
- Som eit ledd i finansieringa av stinett, sykkelveggar, skiløyper, tilrettelagte fiskeplassar og lignende, må ei ordning for fellesgodefinansiering på plass.
- For å oppfordre til auka fysisk aktivitet gjennom vandring, sykling og skigåing, bør skilting og vedlikehald av turstigar, sykkelveggar og skiløyper gjennomførast og utformast etter felles og einheitleg mal for skiltsystem i heile kommunen.
- Preparering av langrennsløyper må, i samarbeid med utøvande aktørar, organiserast og finansierast på ein slik måte at tilbodet kan oppretthaldast og vidareutviklast
- For å sikre allmenn tilgang til turstigar, skiløyper osv er det viktig å få på plass føremålstenlege og forpliktande grunneigaravtaler.



4 Verkemiddel

For å stimulere til utvikling av idrett og fysisk aktivitet, har både stat, fylke og kommune økonomiske verkemiddel.

4.1 Statlege verkemiddel

Kultur- og kyrkjedepartementet forvaltar ein tredjedel av overskotet frå Norsk Tipping AS. (spelemidlar). Ca. halvparten av midlane som er avsett til idrettsføremål går til idretts- og friluftsanlegg i kommunane. Midlane blir kanalisert gjennom fylke og kommune. 10% av spelemidlane blir fordelt til lokale idrettslag til arbeid for barn og unge. Midlar til idrettslaga i Gol blir fordelt av Gol idrettsråd.

Miljøverndepartementet har tilskot- og låneordningar til aktivitetsføremål, stimulering og tilrettelegging innanfor friluftsliv.

Landbruksdepartementet har eigne stønadsordningar for miljøtiltak i landbruket. Dette gjeld også stigar, turveggar og informasjonstavler.

4.2 Fylkeskommunale verkemiddel

Fylkeskommunen kan gi tilskot til fylkesidrettsanlegg etter søknad.

4.3 Kommunale verkemiddel

Det blir gitt driftstilskot til lag og organisasjonar basert på medlemstal, aktivitetar for barn og ungdom, utgifter til leiarutdanning, leigeutgifter og utgifter til eigne bygg og anlegg. I tillegg blir det gitt øyremerka driftstilskot til Gol Idrettslag og til løypekøyning.

Økonomiplan og årsbudsjett fastset kommunen sine rammer for investeringstilskot til anleggsprosjekt i regi av lag og organisasjonar. For at eit anleggsprosjekt skal få kommunalt investeringstilskot, må prosjektet vera ferdig planlagt og søknad om spelemiddel vera prioritert frå kommunen si side.

Midlane avsett til investeringstilskot i kommunen sitt budsjett er svært låge og utgjør ved større prosjekt berre ein liten prosentdel av dei totale utbyggingskostnadene. Ubrukte midlar blir avsett på fond.

Kommunen dekker husleiga til treningsaktivitetar for barn og unge under 18 år, samt straumutgifter idrettslaga har til sine utandørs anlegg.

5 Resultatvurdering av forrige plan

"Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Gol kommune 2005 - 2008" blei vedtatt i Gol kommunestyre 01.02.2005 sak 08/05

Planens handlingsprogram har ved behov blitt rullert ved at gjennomførte og avslutta prosjekt er tatt ut av planen og nye prosjekt henta inn frå uprioritert liste over langsiktige behov. Handlingsprogrammet har fungert som eit styringsverktøy overfor lag og organisasjonar i forhold til kven som kan søkje om spelemiddel.

I løpet av planperioden er det realisert 3 nyanlegg og 1 rehabiliteringsprosjekt. Idretten i Gol er blitt tilført ca. 2 mill. kroner frå statlege spelemidlar i perioden.

Gol kommunestyre har vedtatt at nytt felles skytebaneanlegg skal ligge på Smøget på Golsfjellet.

Privat golfanlegg er utvida frå 9 til 18 hol.

I høve til tiltaksplanen for fysisk aktivitet er dette gjennomført:

- * IL@skolen og Friskliv er innført som ei permanent ordning
- * Etablering av Frisklivssentral
- * Gol IL har starta eit prosjekt med tilbod til funksjonshemma
- * Gol IL har starta aktivitetar for seniorar
- * Gol kommune har gått inn i tiltaket "Aktiv bedrift"
- * Det kommunale tilskotet til løypekøyring er auka
- * Gol IL får tilført øyremerka driftstilskot frå Gol kommune
- * Gol kommune betaler straumutgiftene for organisasjonseigde idrettsanlegg

Det kommunale investeringstilskotet til anleggsprosjekt i regi av lag og organisasjonar er ikkje auka i perioden.

6 Forhold til andre planar

Kommuneplan for Gol er under revisjon, og dei overordna føresetnadene for Plan for idrett og fysisk aktivitet er henta frå kommuneplanen 2001-2010.

Arealbehova for idrettsanlegg er tatt med som innspel til

- Kommuneplan: alpinanlegg, golfbane, skytebane, skianlegg, motocrossbane og crossbane
- Kommunedelplan for Gol tettstad: Hallingmoprosjektet, Glitre stadion, motorsport, grøntområde, gang- og sykkelveggar
- Kommunedelplan Golsfjellet: areal til alpinanlegg, stigar og skiløyper, Klanten flyplass

7 Planprosessen.

Planen er behandla i samsvar med bestemmelsane i plan- og bygningslova § 20-5.

Dato:	Aktivitet
12.03.2008	Vedtak i Utval for kultur og levekår om igangsetting av revisjon av kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet. Nedsetjing av tverrfagleg arbeidsgruppe .
18.06.2008	Møte i tverrfagleg arbeidsgruppe
19.06.2008	Brev til organisasjonar og institusjonar om oppstart av planarbeidet
19.06.2008	Kunngjering om oppstart av planarb. på www.gol.kommune.no
24.06.2008	Kunngjering om oppstart av planarbeidet i Hallingdølen
01.09.2008	Frist for innspel til planen
04.09.2009	Møte i tverrfagleg arbeidsgruppe
25.09.2008	Møte i tverrfagleg arbeidsgruppe
01.10.2008	Sende planen på høyring til aktuelle organisasjonar og institusjonar
31.10.2008	Høyringsfrist
06.11.2008	Møte i tverrfagleg arbeidsgruppe

26.11.2008	Behandling i Utval for kultur og levekår
09.12.08	Sluttbehandling i kommunestyret

8 Status i Gol kommune

8.1 Registrering av idrettsanlegg

Eksisterande anlegg i Gol kommune etter KRISS-oversikta.

Anleggskategori /namn	Eigar Brukar	Type	Mål / storleik
-----------------------	--------------	------	----------------

8.1.1 Aktivitetsanlegg

Breidokk	Gol Kommune	Balløkke	60x25m
Engene	Engene Vel	Balløkke	43x18m
Gol skule	Gol kommune	Ballbane	50x20m
Gol skule	Gol kommune	Balløkke	35x15m
Gol ungdomsskule/Gol samfunnshus	Gol kommune	Ballbane, sandvolley, rullebrett	
Hagaskogen	Herad Vel	Balløkke	40x20m
Hallingmo idrettspark	Gol kommune	Handballbane	40x20m
Herad skule	Gol Kommune/Herad Vel	Balløkke	32x 20m
Heslarystadn	Heslarystadn Vel	Balløkke	32x18m
Heslaskogen	Heslaskogen Vel	Balløkke	36x18m
Narvebrøten	Narvebrøten Vel	Balløkke	36x18m
Rotneim skule	Gol kommune/Rotneim grendalag	Balløkke	30x12m
Skaga	Hallingdal høgskulelag	Balløkke	40x20m
Storefjell Resort Hotell	Storefjell Resort Hotell	Minigolf	
Tuppeskogen	Gol kommuneTuppeskogen Vel	Balløkke	40x22m
Øygardane skule	Gol kommune/Øygardane grendalag	Balløkke	46x18m
Åsgardane skule	Gol kommune/Åsgardane grendalag	Balløkke	45x20m
Storefjell Ski- og akesenter	Storefjell Resort Hotell	Kjelkebakke	

8.1.2 Aktivitetssal

Gol skule	Gol kommune	Gymnastikksal	22x10x5m
Hallingdal folkehøgskule	Hallingdal høgskulelag	Gymnastikksal	20x10x5m

8.1.3 Bad og symjeanlegg

Gol samfunnshus	Gol kommune	Symjebasseng	25x10,5m
Hallingdal folkehøgskule	Hallingdal høgskulelag	Symjebasseng	12,5x6,5m
Oset høvfjellshotell	Oset høvfjellshotell	Symjebasseng	12x8m
Mobrua	Gol kommune	Bade plass (ute)	
Pers Resort	Pers Resort	Badeanlegg	
Storefjell Resort Hotell	Storefjell Resort Hotell	Symjebasseng	12,5x6m
Hallingstampen friluftsbad	Gol Campingsenter	Symjebasseng	

8.1.5 Bowlinganlegg

Pers Resort	Pers Resort	Bowlinghall	4 banar
-------------	-------------	-------------	---------

8.1.6 Fleirbrukshall			
Gol samfunnshus	Gol kommune	Normalhall	45x22,5m
Storefjell Resort Hotell	Storefjell Resort Hotell	Normalhall	46x24x7m
8.1.7 Fotballanlegg			
Hallingmo idrettspark	Gol kommune	Fotballbane, grus	105x63m
Hallingmo idrettspark	Gol kommune	Kunstgrasbane	105x67m
8.1.8 Friidrettsanlegg			
Hallingmo idrettspark	Gol Kommune	Kunststoffbane	400m / 6banar
Hallingmo idrettspark	Gol kommune	Grusbane	Kastanlegg
8.1.9 Golfanlegg			
Hemsedal GolfAlpin	Hemsedal GolfAlpin	Golfbane	18 hol
8.1.10 Hestesportanlegg			
Breidokkbanen	Ridebanens venner	Ridebane	50x35m
Skaga ridesenter	Privat	Ridebane	
8.1.11 Idrettshus			
Glitre stadion	Gol IL	Idrettshus	150kvm
Glitre stadion,	Gol IL	Garasje/speakerbu	
Hallingmo	Gol IL	Idrettshus	744kvm
Klanten flyplass	Hallingdal flyklubb	Idrettshus	60kvm
Hemsedal GolfAlpin	Hallingdal Golfklubb	Idrettshus	Under oppføring
8.1.12 Isanlegg			
Glitre stadion	Gol idrettslag	Hurtigløpsbane, naturis	400m
8.1.13 Kart			
Golsfjellet sommarkart/vinterkart	Gol IL	Turkart	
Hallingmo instruksjonskart	Gol IL	Nærmiljøkart	
Syningen	Forsvaret	Orienteringskart	
Åsgardane konkurranskart	Gol IL	Orienteringskart	
Gol Turkart sommars/vinter	Gol kommune/Gol Reisemål	Turkart	
Gol – Fagernes	Statens kartverk	Turkart	
8.1.14 Luftsportsanlegg			
Klanten flyplass	Hallingdal Flyklubb	Seilfly	1150m
Klanten seilflyhangar	Hallingdal Flyklybb	Seilfly	
8.1.15 Motorsportanlegg			
Fuglehaugen motorsenter	NMK Gol	Motorsport	1700m / 3
Gol motor- og fritidspark	Privat	Motorsport	
8.1.16 Skianlegg			
Gol Skisenter	Gol Skisenter	Alpinbakke	2200m/fall 400m
Gol Skisenter	Gol Skisenter	Alpinbakke	1700m/fall 400m
Gol Skisenter	Gol Skisenter	Barnebakke	150m/20m
Golsfjellet Alpinsenter - Bualie	Golsfjellet Alpinsenter	Alpinbakke	1300m/fall 220m

Storefjell Ski- og akesenter	Storefjell Resort Hotell	Alpinbakke	1950m
Storefjell Ski- og akes.	Storefjell Resort Hotell	Alpinbakke	1450m
Storefjell Ski- og akes.	Storefjell Resort Hotell	Alpinbakke	1300m
Storefjell Ski- og akes.	Storefjell Resort Hotell	Alpinbakke	1000m/fall 148m
Storefjell Ski- og akes.	Storefjell Resort Hotell	Barnebakke	250m
Solseter lysløype	Gol Idrettslag	Lysløype	5 km
Hallingmo lysløype	Gol Idrettslag	Lysløype	2 km
Herad lysløype	Herad Vel	Lysløype	3 km

8.1.17 Skyteanlegg

Gol skytebane	Gol Skytterlag	Skytebane (ute)	300m / 18 plassar
Ødegården skytebane	Ødegården Skytterlag	Skytebane (ute)	200m / 15 plassar
Hallingmo idrettspark	Heimsil miniatyrskytterlag	Skytebane (inne)	100m/15 plassar 15m / 10 plassar

8.1.18 Squashhall

Storefjell Resort Hotell	Storefjell Resort Hotell	Squashhall	1 bane
--------------------------	--------------------------	------------	--------

8.1.19 Tennisanlegg

Hallingmo idrettspark	Gol Kommune	Tennisbane, utandørs	3 banar
-----------------------	-------------	----------------------	---------

8.1.20 Diverse anlegg

Trimrom/helsestudio	Gol IL	Trimrom/styrkerom
Atlantis	Atlantis Treningscenter AS	Treningscenter

8.2 Registrering av friluftsanlegg og område

Anlegg	Eigar, tilretteleggar	Merknad:	
Turstigar	Gol kommune/Gol Utmarkslag	Ca. 180 km	
Mobrua badeplass	Gol kommune		
Sykelstigar			
Skiløyper	Gol IL/Løypenemnder/ Reiselivsbedrifter	Ca 200 km	
Klatrefelt/Isklating	Rotneim, Skaga, Farsetberget, Golsjuvet		
Fossheim camping	Fossheim camping	Helsesport	Kastebrygge
Gol campingsenter	Gol campingsenter	Helsesport	Kastebrygge
Hamartjern, Golsfjellet	Golsfjellet fiskeforening	Helsesport	Kastebrygge
Runda i Dalføret	Gol jeger- og fiskerforening	Helsesport	Kastebrygge



8.3 Registrering av aktivitet

8.3.1 Organisert idrett

Medlemstal i lag og organisasjonar pr. 31.12.2007 går fram av oversikta nedanfor. Tala er basert på opplysningar gitt i samband med søknad om kulturmiddel. Regionale organisasjonar med medlemmer i Gol er tatt med. |

Organisasjon	Medl. under 19 år	Medl. over 19 år	Antall medl. totalt
Gol IL:			
Alpint	42	0	42
Badminton	24	12	36
Barneidrett	24	0	24
Fotball	229	0	229
Friidrett	8	2	10
Handball	53	22	75
Langrenn	182	48	230
Skøyter	119	50	169
Symjing	70	8	78
Turn	66	33	99
Sum Gol IL	817	175	992

Andre idrettslag:			
Bowlingklubben Hallingkast*			**27
Gol Skytterlag	40	133	173
Hallingdal Golfklubb	6	204	210
Heimsil Miniatyrskyttarlag	*4	*24	*28
Hallingdal karateklubb	36	24	60
Hallingdal Flyklubb	17	183	200
Hallingdal Fotballklubb	54		54
Hallingdal Modellbilkubb			**34
Hallingen Hestesportklubb			**131
NMK. Gol			**297
Ridebanens venner	*7	*16	*24
Ødegården Skytterlag	2	57	59
Bedriftsidrettslag			Ukjent
Sum Andre idrettslag			1 297

*Tala er frå 2003

**Aldersinndeling ukjent

8.3.2 Eigenorganisert fysisk aktivitet

Det fins ingen eksakte tal for den eigenorganiserte fysiske aktiviteten i Gol. I tillegg til reine idrettsorganisasjonar er det fleire lag og organisasjonar der friluft-/trim- og idrettsaktivitetar er ein del av verksemda. Dette gjeld m.a. jeger- og fiskerforeningar, tur-lag, 4H-lag og Røde Kors.

Kommunen har store område som inviterer til eit aktivt friluftsliv både sommar og vinter, og det er tilrettelagt for eigenaktivitetar både i kommunal, privat og lagsmessig regi.

- Kommunen har opparbeidd nærmiljøanlegg for rullebrett og sandvolley som er svært populært blant barn og unge
- Kommunen krev at det skal avsetjast areal for ballplassar/leikeområde i nye bustadfelt
- Gol IL har treningsstudio med styrkeapparat og sykklar, som er ope 07-21.00 alle dagar i veka. Ca. 50 personar kjøper årskort.
- Treningscenter i privat regi med tilbod om sykkel, step, styrke, aerobic m m. Medlemmer på årsbasis: ca. 250

9 Analyse av behov for aktivitet og anlegg

Gol er relativt godt dekkja med anlegg og område innan forskjellige idretts- og friluftaktivitetar. Dei fleste anlegga ligg lett tilgjengelege i nærleiken av bumiljø. Idrettsorganisasjonane sine behov for innandørs og utandørs anlegg er i mange tilfelle koordinert med skulane sine behov for idrettsanlegg. Det same kan til ein viss grad seiast om forholdet idrett/friluftsliv/reiseliv.

9.1 Regionalt/interkommunalt samarbeid

For å stimulere til regionalt samarbeid om idrettsanlegg, tilbyr Kultur- og kyrkjedepartementet ein særskilt tilskotsordning for større interkommunale idrettsanlegg. Føresetnaden er at dette er eit kostnadskrevjande anlegg og at det blir inngått bindande avtale mellom to eller fleire kommunar om investering og drift. Avtalen må innehalde desse elementa:

- a) Kvar deltakande kommune skyt til minst 5% av den godkjente kostnaden.
- b) Det krevst skriftleg driftsavtale på minst 20 år mellom deltakande kommunar der kommunane bind seg til å medverke økonomisk til drifta av anlegget.

Både kommunar og idrettslag i Hallingdal bør i større grad tenke regionalt for å sikre breidde og kvalitet på idrettsanlegga i regionen og søke å inngå samarbeid med andre kommunar om investering og drift når det er behov for store og kostnadskrevjande anlegg. Pr. i dag har Gol anlegg som naturleg kan framstå som regionale eller interkommunale, t.d. luftsportanlegg og motorsportanlegg. Behovet for andre store idrettsanlegg, som t.d. ridehall, vil det vera naturleg for Gol å samarbeide med andre kommunar om. Idrettsråda i regionen må saman drøfte og foreslå aktuelle samarbeidsprosjekt

9.2 Skulens rolle

Skulen spelar ei viktig rolle for idrett og fysisk aktivitet. Skulen samlar alle, og har derfor stor haldningsskapande påverknadskraft gjennom kroppsøvingsfaget, leik og aktivitetar i friminutta og som samlande faktor i nærmiljøet utanom skuletid.

Grunnskulen tek hand om barna i ei svært viktig periode for utvikling av fysiske ferdigheiter og eigenskapar. Barneskulealderen, spesielt 10-12 års alderen, er kalt "gullalderen" for utvikling av motoriske ferdigheiter.

Ungdomsskuletida er ei brytningstid der meir krevjande skulearbeid og nye interesser fører til mindre fysisk aktivitet. Det er stort fråfall frå idretten i denne tida.

Eigna areal er ein føresetnad for fysisk aktivitet. Kommunen har eit særleg ansvar for å legge til rette utemiljøet slik at fysisk aktivitet kan drivast i samsvar med læreplanar. Ny skule vil venteleg inngå som ein del av Hallingmoprosjektet (sjå pkt. 8.2), og areal for fysisk aktivitet vil bli ein del av prosjekteringa.

9.3 Hallingmoprosjektet

Hallingmoprosjektet (HMP) er Hallingdal og Gol kommunes storsatsing på kultur, idrett og kunnskap, med fokus på folkehelse, universell utforming og miljø/klima.

Framtidas Hallingmo vil inkludere eit fleksibelt og bærekraftig idrettsanlegg som skal dekke lokale, regionale og moglegvis nasjonale behov. HMP vil utgreie moglegheita for både oppgradering av eksisterande og bygging av nye inne- og uteanlegg, inkludert ny fleirbrukshall og kunstfrosen skøytebane.

HMP skal vera ferdig utgreidd og forprosjektert 1. februar 2011. Tidlegast forventa byggestart vil vera 2011-12, etter fullført detaljprosjektering.

På grunn av storleiken på anlegget vil bygginga av dei forskjellige delane gå over fleire byggesteg og derfor dominere Gol kommune sin prioriterte handlingsplan for idrettsanlegg i åra etter 2011.

9.4 Ordinære anlegg

9.4.1 Alpint

Alpint er ein populær sport i store delar av befolkninga. Gol Skisenter har gjennomgått ei kraftig opprusting dei siste åra, noko som har ført til større aktivitet. Alpingruppa i Gol IL har gjennom mange år drive aktivitet i Gol Skisenter. Sjølv med berre ei løype i bruk har dette foregått utan større konflikhtar. Med større aktivitet i skisenteret ser alpingruppa at deires aktivitet fort kan koma i konflikt med den ordinære drifta av skisenteret. Dette vil redusere tilgangen til anlegget både til trening og konkurranse. Alpingruppas noverande fasilitetar når det gjeld rennavvikling og lagring av utstyr er svært kummerlege. Det er behov for ny løype som blir prioritert til alpinaktivitet og i samband med denne – lysanlegg, snøproduksjonsanlegg og tidtakarbu/lager. Gol Skisenter er eit anlegg driven på kommersiell basis, og dersom nye anleggsinvesteringar skal utløyse spelemiddel, må det inngåast ei driftsavtale mellom Gol IL og Gol Skisenter.

Tidtakarbu/lager er lagt inn i prioritert handlingsplan.

Alpinanlegga på Golsfjellet er eit tilbod både til hyttefolk, turistar og fastbuande og har både familievenlege og meir utfordrande trasear.

9.4.2 Fotball

Fotballsporten i Gol har stor oppslutning. Gol har på papiret tre fotballanlegg – ein kunstgrasbane og to grusbanar (Hallingmo og Glitre). I praksis blir Glitre stadion ikkje brukt som fotballbane.

Kunstgrasbanen er eigd og blir driven av Gol kommune. Kunstgrasbanen er hovudbanen, men i kampsesongen er kunstgrasbanen så belasta at meir enn halvparten av treningane må skje på grusbanen på Hallingmo. Denne er i dårleg stand og krev store årlege vedlikehaldsressursar. P.g.a. at banen ikkje har lys kan ein ikkje trene der på kveldstid utover hausten. Fotballmiljøet ønskjer kunstgrasdekke også på grusbanen. Opprusting av baneanlegga må vurderast som ein del av Hallingmoprojektet.

Balløkkene i bustadområda må tilretteleggast og vedlikehaldast slik at grendafotballen kan skje her. Det bør ikkje vera noko mål at all grendafotball skal skje på det sentrale baneanlegget i kommunen.

Fotball har etterkvart blitt ein heilårsidrett, og behovet for treningsfasilitetar i vinterhalvåret er stort. Kapasiteten i idrettshallen i Gol samfunnshus er for liten til at fotballmiljøet kan få den treningstida det ynskjer. Bättre tilrettelegging for innandørs trening/kampar for fotball må vurderast i samband med Hallingmoprojektet.

9.4.3 Friidrett

Hallingmo idrettspark har friidrettsbane med Neotan kunststoff, 6 løpebanar. Dekket er kraftig nedslitt og det er stort behov for ny "topping" og merking.

Banen blir mykje brukt av skulane på dagtid, medan aktiviteten i friidrettsgruppa i Gol IL dei siste åra har vore låg. Rehabilitering av friidrettsbanen må vurderast i samband med Hallingmoprojektet.

9.4.4 Golf

Golf er ein populær og veksande idrettsaktivitet. Hemsedal GolfAlpin er i 2008 utvida til 18-holsbane. Hallingdal Golfklubb vil i løpet av 2008 og 2009 setje opp klubbhus på banen.

Hallingdal Golfklubb har i lang tid hatt ynskje om eit næranlegg for golf/golfbinge i Gol sentrum eller i nærleiken av sentrum. Eit slikt anlegg vil vera eit viktig bidrag til å aktivisere barn og unge og auke rekrutteringa til golfporten. Anlegget vil også vera attraktivt for tilreisande og turistar. Golfklubben har vurdert Storøyne som eit aktuelt område for ein slik aktivitet, men har førebels ikkje fått lovnad på noko areal. Nærmiljøanlegg for golf bør vurderast som ein del av Hallingmoprojektet.

9.4.5 Hallidrettar (handball, volleyball, basket, badminton, turn, karate m.m.)

Det er ein idrettshall i kommunen (Gol samfunnshus). Golvet i idrettshallen fekk nytt parkettdekke i 2002, og eksisterande skiljeveggar blei erstatta av oppheisbare skiljeveggar med dobbel duk av PVC.

Det er stor aktivitet i idrettshallen i vinterhalvåret. På dagtid brukar Gol ungdomsskule og Gol vidaregåande skule hallen som gymnastikksal og på ettermiddag-/kveldstid er det organisert aktivitet innan fotball, handball, turn, badminton og karate. I tillegg er trim- og mosjonsgrupper brukarar av hallen.

Kapasiteten i hallen er for liten til å dekke alle behov, både aktivitetar i regi av idrettslag og meir uorganisert aktivitet. Hallen i Gol samfunnshus er ein sambruksarena mellom idrett og kultur, og idrettstrening må vike plassen for kultur når det er teater, konsertar o.l. Dette er lite tilfredsstillande for idretten.

Gymnastikksalen på Gol skule er delvis i bruk til fysisk aktivitet på kveldstid.

Miniatyrskytebanen i klubbhuset til Gol IL blir også brukt av trim- og mosjonsgrupper når lokala ikkje blir brukt av skyttarlaget.

Hallidrettane sine behov må dekkast av ny storhall (jmf. Hallingmoprojektet).

9.4.6 Langrenn

Det er tre lysløyper i kommunen – på Solseter, Hallingmo og i Herad. Solseter blir mest brukt både av langrennsgruppa og av befolkninga for øvrig og er også eit aktivum for reiselivsnæringa. Idrettslaget v/langrennsgruppa legg ned store ressursar i preparering av løypene. Gol IL stifta i 2005 selskapet Gol IL Løypedrift AS med føremål å utvikle, opparbeide og vedlikehalde løypesystemet på Solseter, samt å utføre liknande oppgåver for andre oppdragsgjeverar. Det er investert i løypemaskin og hittil er det langrennsgruppa i Gol IL som har dekkast driftskostnadene på maskina. Gol IL ynskjer ei samarbeidsavtale med Gol kommune om løypedrifta der kommunen i større grad enn i dag forpliktar seg til å bidra økonomisk til løypenettet på Solseter. Dette forholdet må avklarast i planperioden, og det må avklarast i kva form kommunen evt. skal bidra: auke det årlege løypetilskotet eller gi eit eingongsbeløp som kan redusere avskrivingskostnadene på løypemaskina.

Det er eit sterkt behov for å utvikle ein bygningsmasse tilpassa Solseters posisjon som hovudskianlegg og som arrangementsstad for skiaktivitetar. Dette må gjennomførast etappevis i slik rekkefølge:

- * Garasje/reiskapshus
- * Garderobe, toalett, klubbhus
- * Skiskyttaranlegg
- * Opprusting løype/lysanlegg

Garasje/reiskapshus er lagt inn i prioritert handlingsplan.

Det er ein dialog på gang mellom Gol IL og skyttarlagane om å setja opp felles idrettshus i Smøget.

9.4.7 Luftsport

Hallingdal Flyklubb (tidl. Klanten Flyklubb) har gjennom fleire år lagt ned mange dugnadstimar og gjennomført store anleggsprosjekt på Klanten Flyplass. Klubben har konkrete planar om skifte av masse og legging av fast dekke på rullebanen, samt taxevegar og oppstillingsplass med fast dekke. Rehabilitering av rullebanen er lagt inn i prioritert handlingsplan.

På lengre sikt er det planar om modellflyplass og modellbilbane samt internat med undervisningsrom. Ein evt. modellbilbane må sjåast i samanheng med behov og ynskjer til Hallingdal Modellbilklubb

9.4.8 Motorsport

NMK avd. Gol har opparbeidd motocrossbane, og som 2. byggesteg av prosjektet skal det byggast sanitæranlegg. Dette prosjektet er innarbeidd i prioritert handlingsprogram.

Det har lenge vore eit stort modellbilmiljø i Hallingdal og etterspurnaden etter baneanlegg har auka kraftig med åra. Hallingdal Modellbilklubb blei stifta i 2008. Klubben har medlemmer frå heile Hallingdal, men ser Gol som den mest sentrale plassen å ha ein bane. Klubben ynskjer at ein framtidig modellbilbane skal kunne bli ein samlingsplass for ungdom og ser for seg ei sentral plassering, men utanfor støyradiusen til bustadhus/-område.

Hallingdal Flyklubb lanserer også planar om ein modellbilbane. To slike banar i Gol ser ein som uaktuelt, og dei to klubbane må innleie eit samarbeid for å få realisert ein felles modellbilbane.

9.4.9 Orientering

Den organiserte orienteringsaktiviteten har i fleire år vore svært liten i Gol. I Hemsedal og Ål har det vore eit kraftig oppsving i orienteringsmiljøet dei siste åra, og det er mogleg at dette forplantar seg til Gol.

Eksisterande O-kart er svært gammalt. Turstikart for Gol skal reviderast. Det må klarleggjast om behovet for O-kart kan dekkast av denne revisjonen.

9.4.10 Riding

Hallingdal Hestesportklubb har meldt inn behovet for ein ridehall i Hallingdal. I vinterhalvåret er det vanskeleg å drive med hest og trening p.g.a. ofte glatte og isete banar. Ein innandørs hall vil skape større kontinuitet i treninga og aktiviteten. Rekrutteringa til ridesporten i Hallingdal er aukande, og klubbstevner har ei mykje høgare deltaking nå enn tidlegare.

Ridemiljøet i Hallingdal må bli einige om kor det ønskjer ein ridehall før ein set i gang planlegginga av ein slik. Det kan ikkje vera aktuelt med meir enn ein ridehall i Hallingdal og det er nødvendig med full oppslutning frå dei aktive om kor denne skal vere.

Ein tilpassa ridehall, gjerne i tilknytning til reiselivsrelaterte verksemdar, vil også vere eit stort pluss for reiselivsnæringa.

9.4.11 Skyting

Det er to utandørs skytebanar i Gol, Ødegårdene skytterlag sitt anlegg på grensa mellom Gol og Hemsedal og Gol skytterlag sitt anlegg på Hagaskogen. Det har i fleire år vore arbeid for å få til eit felles anlegg. Det er nå avsett areal for ny skytebane i Smøget og arbeidet med reguleringsplan er i gang. Når reguleringsplan ligg føre, vil skytterlaga jobbe konkret med etablering av ny bane og dei reknar det som aktuelt å søke om spelemiddel i komande fireårs-periode. Prosjektet vil truleg bli delt i tre byggesteg:

- 1. 100 metersbane
- 2. 200 metersbane
- 3. Klubbhus

Ny skytebane er innarbeidd i prioritert handlingsplan.

Når det gjeld klubbhus, må eit felles klubbhus med langrennsgruppa i Gol IL bli drøfta og vurdert (sjå pkt. 9.3.6)

9.4.12 Skøyter

Det er eit aktivt skøytemiljø (lengdeløp) i Gol som legg ned mykje arbeid i Glitre stadion som skøytearena. I tillegg til organisert trening og aktivitetar i regi av skøytegruppa, blir skøytebanen mykje brukt på dagtid av skular og barnehagar. I kommunedelplanen for Gol tettstad er eksisterande skøytebane på Glitre vedtatt omdisponert til industriareal. Det blir kommunens ansvar å finne erstatningsareal til ny bane, og ny kunstfrosen skøytebane er eit delprosjekt som vil bli vurdert under arbeidet med Hallingmoprojektet

9.4.13 Symjing

Det er eit svært aktivt symjemiljø i Gol, og symjegruppa er ei av dei største særgruppene i idrettslaget. I tillegg til treningsgrupper for barn og ungdom, driv gruppa symjeopplæring av barn. Symjegruppa har meldt inn behov for eit eige opplæringsbasseng, der vatnet har høgare temperatur enn det ordinære bassenget. Eit slikt basseng kan også fungere som behandlingbasseng.

Symjehallen er snart førti år gammal og det er i fleire år blitt påpeikt behovet for rehabilitering av ventilasjonsanlegget. Dette er ei større investering som ikkje kan gjennomførast innanfor disponible vedlikehaldsmidlar. Konsekvensane av ikkje å skifte ut ventilasjonsanlegget vil vere å måtte stenge symjehallen når komponentar og delar i anlegget ryk.

Utviding av fasilitetane til eit større symjeanlegg bør vurderast i samband med Hallingmoprojektet.

Bassenget er ope for offentleg bading berre to dagar i veka. Dei andre vekedagane blir brukt til trim og trening. For å gjera bassenget meir tilgjengeleg bør det vurderast å ha open symjehall på laurdagar.

9.5 Nærmiljøanlegg

Barn og unge i Gol har gode moglegheiter for variert fysisk aktivitet ute i naturen. Det er kort og grei atkomst til skog og mark frå alle bustadområda. Dette er eit stort gode og det er viktig at dei naturområda barn og ungdom brukar ikkje blir nedbygd. Imidlertid ser ein at det også er behov for meir tilrettelagte område for å hindre inaktivitet.

Det er i nærmiljøet mykje av den uorganiserte leiken og aktiviteten går føre seg, aktivitetar som barna sjølve initierer eller som foreldra set i gang. Uteområda ved skulane må kunne stimulere til fysisk utfalding og eigenaktivitet også etter skuletid. I tilknytting til skulebygg og bustadområde er det opparbeidd balløkker. Vedlikehaldet av desse har til dels vore dårleg og enkelte av plassane treng ei kraftig opprusting.. Dette må skje i regi av grendalag/velforeningar og skulane. Det bør også vurderast om enkelte av balløkkene skal erstattast med ballbingar.

Nærmiljøanlegget ved Gol ungdomsskule/Gol samfunnshus er mykje brukt, men det er eit uttalt ønske frå brukarane av rullebrettbanen om fleire element på banen. Som ei vidareføring av anlegget er det ynskje om å utvikle området til ein aktivitetspark med basketballbane, ytterlegare ein sandvolleybane, volleyballbane på gras, sykkelløype m.m. Det blir jobba konkret med fleire element på rullebrettbanen samt sykkelløype nedanfor tennisbanen, og prosjekta er innarbeidd i den prioriterte handlingsplanen. Opparbeiding av eit større, samanhengande aktivitetsområde må vurderast under arbeidet med Hallingmoprojektet. Sjå også pkt. 9.4.4.

9.6 Friluftsliv

I Gol kommune er det svært gode moglegheiter for eit aktivt friluftsliv heile året, noko som kan vera ein viktig grunn for å busetja seg i kommunen. I tillegg er friluftsmoglegheitene eit viktig reiselivsprodukt. Store område med uberørt natur saman med tilrettelegging i form av stigmerking og løypepreparering skapar til saman eit totalprodukt. Ein må imidlertid vere seg for at hyttebygginga ikkje blir så stor og omfattande at naturen og løypenettet mistar opplevingsverdien fordi løypene er omkransa av hytter og brøyta vegar.

For å sikre allmen tilgang til turstigar, skiløyper osb. er det viktig å få på plass foremålstenlege og forpliktande grunneigaravtaler.

9.6.1 Turstignett/sykkelturar

Det må leggest til rette for å motivere folk til å bruke heile kommunens naturområder meir, ikkje berre Golsfjellet. Kanhende bør det jobbast med å innføre eit "Topp 10 konsept" liknande Topp 20 i Hemsedal der ein tek med utvalde toppar i heile Gol,

nokon krevjande og nokon lette. Ordninga har vore ein suksess i Hemsedal, og fleire av toppane har over tusen besøkande kvar sesong.

Det må avklarast kven som må få ansvaret for betre merking der det er behov, og for ettersyn og kontroll med "postkasser" som inneheld loggbøker. Grunneigarar må kontaktast for nødvendig løyve. Premieringsordning til dei som kjem seg opp på alle toppane. Kven som vel ut toppane kan vere Gol reisemål, Gol turlag og Gol kommune i samråd.

Behov:

- Einheitleg skilting, merking og gradering for heile kommunen
- Stigar må ryddast, vedlikehaldast og tilretteleggast slik at dei er innbydande til bruk. Det bør lagast forpliktande planar for dette arbeidet.
- Alt av turstigar bør loggførast med GPS for bruk på kart, internett osv.
- I samband med prosjektet "det familievennlige fjellet" er det ynskjeleg å utvikle eit "10 på topp-program" for Gol. Føresetnaden for dette er at dei tilrådde stigane er skilta, gradert, merka og rydda etter felles mal. Eigen forpliktande vedlikehaldsplan må også innførast.
- Sykkelvegar/stigar må tilretteleggast slik at dei er i samsvar med krav frå internasjonale turistar.
- Det bør vera moglegheit for rundurar på sykkel med barnehengar.
- For vidare utvikling av sykkeltilbodet, samt vidare eksistens og vekst for Hallingrittet, er det viktig at forholda blir lagt til rette for ytterlegare utbetring av stigar og vegar.
- Området Golsfjellet, Stølsviddene, Tisleidalen og Lykkja er sannsynlegvis Norges beste område for fjellsykling. Eit marknadsføringssamarbeid mellom desse områda er under utvikling.

9.6.2 Skiløyper

Gol kommune gir øyremerka tilskot til løypepreparering. Tilskotet blir fordelt av løypenemnda/Gol Reisemål AS til lokale løypenemnder og Gol IL. Kommunens tilskot utgjør berre ein brøkdel av dei faktiske utgiftene til løypepreparering og må aukast.

Behov:

- Føremålstenleg finansieringsstruktur må på plass
- Organisering og gjennomføring av løypeprepareringa må forbetrast
- Betre rutiner og register over hytteigarar etc for innkreving av frivillig løypeavgift
- Dei ansvarlege for praktisk gjennomføring av løypepreparering og finansiering må ha tilgang til oppdaterte adresseregister for utsending av giroar m.v.
- Løypenettet bør reviderast og effektiviserast for betre utnytting av tilgjengelege prepareringsressursar
- Løypetrasear bør sommarvedlikehaldast
- Plan for tidlegløyper og annan behovsprioritert preparering bør utarbeidast.
- Einheitleg skilting, merking og gradering for heile kommunen må på plass

9.6.3 Jakt og fiske

Gol Jeger og Fiskeforening sel jaktkort for avgrensa område på Søråsen. Her er det i all hovudsak skogsfugl det kan jaktast på då jaktterrenget ligg under skoggrensa. Det er tilbod om fiske både på Golsfjellet, Søråsen, i Nedre Hemsil og i Hallingdalselva. 4 fiskeforeningar i Gol har gått saman og laga ei flott brosjyre om tilbodet i kommunen

Behov:

- Betre merking av eigna fiskeplassar
- Rydding av stigar til og langs elvar og vatn
- Vedlikehald av eksisterande og vurdering av behov for fleire tilrettelagte fiskeplassar for rørslehemma
- Informasjon om fisk, fising, sjukdomsspreiing m.m. langs elvar og vatn

9.6.4 Klatring

Klatrefelt i dag:

- Rotneim
- Skaga
- Farsetberget
- Isklatring i Golsjuvet

Betre info om klatremoglegheitene må framskaffast. Ikkje minst må det informerast betre om kvar ein kan parkere bil for å unngå konflikt med grunneigarar. Skal klatrefelta utvidast må det avklarast med grunneigarar på førehand

9.6.5 Hundekøyring

Det er i dag tilbod om hundekøyring på Golsfjellet. Det bør vere eit slikt tilbod også i framtida, som alternativ til motoriserte aktivitetar. I lovforslag til ny lov om motorferdsel i utmark blir det opna for lovleg bruk av snøscooter til å preparere løyper ved mykje snø. I dag kan ein ikkje nytte snøscooter til dette føremålet, og det kan gjere det mindre attraktivt å ha hundekøyring som næringsaktivitet og tilbod til turistar og fastbuande. Ikkje minst er hundekøyring eit veldig bra tilbod til funksjonshemma.

9.6.6 Snøscooter

Snøscootersafari er ikkje ein lovleg aktivitet etter dagens lovverk, og vil mest sannsynleg heller ikkje vere det når den nye loven om motorferdsel trer i kraft. Alle signal frå Direktoratet for naturforvaltning tyder på eit meir restriktivt regime kva gjeld rekreasjonskøyring. Derimot opnar lovforslaget for lovleg køyring på banar i henhald til godkjent reguleringsplan dersom banen er under 500 dekar og ligg til vinteropen veg. Ein må ikkje diskriminere bestemte brukarar av utmarka, men bruk av motoriserte framkomstmiddel må skje innanfor dei rammene lova set.

Det er laga reguleringsplan for isbane på Tisleifjorden (ikkje vedtatt enda), men denne skal berre brukast til organisert køyreopplæring og annan trafikkisikringsaktivitet. I planperioden bør moglegheitene for snøscooterbane på Fuglehaugen eller annan stad i kommunen bli kartlagt og vurdert.

9.6.7 Kart

Det er utarbeidd turstikart som dekker både skiløyper og fotrutenettet. Karta er

blitt revidert fleire gonger etter at dei blei utgitt fyrste gong i 1996. Det er behov for ein fullstendig revisjon av eksisterande kart, som m.a. må bestå av:

- Gjennomgang av namneformer
- Gjennomgang av eksisterande kartdata/synfaring
- Nye kartdata/synfaring

Det må klarleggast om eit slikt kart også kan fungere som O-kart. Siktemålet må vera å ha nytt sommarkart ferdig våren 2009 og nytt vinterkart haust/vinter 2009.

9.7 Fysisk aktivitet

Idrett og friluftsliv representerer ein eigenverdi. Ved å meistre fysiske oppgåver og utfordringar gjennom trening oppstår positiv sjølvkjensle og tenking. Idrettsgleda står sentralt, og eit ynskje om opplevingar ligg i stor grad til grunn for den omfattande deltakinga i breiddeidretten.

Ei undersøking gjennomført i 2007-2008 om fysisk aktivitet blant folk, viser m.a. dette (Kilde: Idrett & Anlegg 2008/5)

- 91% av den vaksne befolkninga oppgir at dei driv fysisk aktivitet i form av trening eller mosjon
- Særleg kvinner og eldre menneske oppgir i klart større grad enn tidlegare at dei driv med fysisk aktivitet
- Mest utbreidde aktivitetar er typiske friluftaktivitetar som fotturar, sykling, skiturar
- 72% av befolkninga trenar på eiga hand
- Styrketrening er i vekst, spesielt blant unge
- Dei viktigaste grunnane for å drive fysisk aktivitet er at det gir fysisk og mentalt overskot og at det forebygger helseplager.
- Dårleg tid er den årsaka som oftast blir nemnt for ikkje å drive trening/mosjon.

Fysisk aktivitet fremjar helse og livskvalitet, og fysisk aktivitet i folkehelseperspektiv handlar om å gi moglegheiter til kvardagsaktivitetar for alle grupper. I tillegg kjem moglegheiter for organisert og eigenorganisert aktivitet i fritida. Å utjamne sosiale ulikheiter i helse må vera eit satsingsområde. Fleire levevilkår med god helse, reduserte helseforskjellar i befolkninga og tilgjengelegheit for alle er nasjonale mål i folkehelsearbeidet.

Det er kommunen som gjennom si planlegging har eit særleg ansvar for å sikre folk moglegheiter for å drive fysisk aktivitet i kvardagen. Når ein veit at det er vanskeleg å trekke barn og ungdom med i idrett/friluftsliv, bør forholda leggast best mogleg til rette for gode idrettsanlegg og ikkje minst for lett tilgang til friluftsområde.

Folkehelsearbeid er ikkje berre eit kommunalt ansvar. Folk sit sjølv med dei viktigaste "nøklane" for å påvirke eiga helse, og overordna myndigheiter disponerer midlar til å fremje folkehelsearbeidet. Satsing på folkehelsearbeid må derfor foregå i samarbeid mellom kommunen, befolkninga, lag og organisasjonar, bedrifter og fylkeskommune. Frå kommunen si side er det viktig å fremje god informasjon om aktivitets- og rekreasjonsmoglegheiter og stimulere organisasjonar og bedrifter til å bli samarbeidspartnarar i folkehelsearbeid.

For å auke trivsel og levekår for dei eldre, må det satsast på eit godt aktivitetstilbod – som frisklivskommune skal det stimulerast til fysisk aktivitet også for denne gruppa.

10 Prioritert handlingsprogram

Prioritert handlingsplan dannar grunnlaget for den vidare utbygginga av anlegg og område for idrett og friluftsliv i kommunen i komande fireårsperiode. Ei samla vurdering av framdrifta for dei ulike tiltaka, og eventuelt nye føresetnader og behov er avgjerande for om planen må rullerast i løpet av fireårsperioden.

Kostnader knytta til drift og vedlikehald av anlegga skal inngå i planen.

10.1 Spelemiddelordninga

Det kan søkjast om støtte frå spelemidlane til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd og ikkje er underlagt kommersielle interesser.

Det kan søkjast om tilskot frå spelemidlane til ordinære anlegg (omfattar også friluftsanlegg og rehabilitering av anlegg) og nærmiljøanlegg.

Fylkeskommunen foretar tildeling av spelemiddel på vegne av Kultur- og kyrkjedepartementet. Før søknadene blir oversendt fylkeskommunen skal kommunen prioritere søknadene innanfor dei to kategoriane.

Dei viktigaste målgruppene for staten for bruk av spelemiddel er barn (6-12 år) og ungdom (13 – 19 år).

Det blir stilt følgjande krav til søknad om spelemidlar:

Planar som blir lagt til grunn for søknad om spelemiddel skal vera førehandsgodkjente.

Godkjenninga er for dei fleste anlegg delegert til kommunen.

Prosjekt det blir søkt om støtte til skal inngå i ein vedtatt kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv

Årleg oppdatering av idrettsanleggsregisteret (KRISS) er eit krav for at kommunen skal kunne søke om spelemiddel komande år.

Dersom ikkje anna er bestemt, blir stønaden til kvart enkelt anlegg rekna til 1/3 av totalkostnadene opp til kr. 700.000. Det er sett ei nedre grense på godkjent kostnad, p.t. kr. 150.000, ved berekning av tilskot. For kart er nedre grense for kostnaden sett til kr. 75.000. Innmeldte tiltak som har ei kostnadsgrænse under kr. 150.000 er difor ikkje ført opp i den prioriterte handlingsplanen for Gol. Viss det viser seg at anlegget blir dyrare enn fyrst antatt, kan det evt. innarbeidast i handlingsplanen ved ei seinare rulling.

For nærmiljøanlegg kan det gjevast stønad med inntil 50% av godkjente kostnader, avgrensa oppover til kr. 200.000. Nedre grense for godkjent kostnad er p.t. kr. 80.000. Nærmiljøanlegg med ei total kostnadsramme under kr. 80.000 treng ikkje vera ført opp i handlingsplanen for å søke om spelemiddel. Større nærmiljøanlegg med total kostnadsramme over kr. 400.000 skal innarbeidast i handlingsplanen på lik line med ordinære anlegg.

10.2

Handlingsplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Gol kommune 2009-2012

Prosjekta er oppført i prioritert rekkefølge innan kvar anleggsgruppe

	Anleggstype	Stad	Invest. kostnad	Drift pr. år	Anleggsstart – finansiering (i 1000 kr)											
					2009			2010			2011			2012		
					K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR
Ordinære anlegg:																
1.	Gol kommune. Rehabilitering av kunstgrassdekke	Hallingmo fotballbane	3 300	Komm. drift										2300	1000	
2.	Gol IL. Varmestugu	Solseter	662	5						50	220	392				
3.	*Gol kommune: Nytt ventilasjonsanlegg, symjehallen	Gol samfunnshus	9 309	Komm. Drift	6 206	3103										
4.	Hallingdal Flyklubb. Modellflybane	Klanten flyplass	2 310										50	700	1560	
5.	NMK Gol: Klubbhus/møterom m.m	Fuglehaugen	2 588	60										700	1888	
6.	Gol IL: Tidtakarbu	Gol Skisenter	962	0												
7.	Gol IL. Lysanlegg	Gol Skisenter	1 800												700	1100
8.	Ny skytebane (2 eller 3 byggetrinn)	Smøget	6 500	40						700	2480			700	2480	
9.	Gol kommune/Gol Reisemål: Rehabilitering turkart		240	Ingen	160	80										
10.	Hallingdal Flyklubb. Utviding av klubbhus m/undervisningsrom	Klanten flyplass	1 222													
Nærmiljøanlegg:																
1.	Gol kommune/Gol Rullebrettklubb: Opprusting av skateboardbane	Hallingmo idrettspark	80	Inngår i drifta for området				40	40							
2.	Aktivitetsanlegg/balløkker/ballbinger	Bustadområde og skuleområde	400	2				100	200	100						

K = kommunale midlar

SM = spelemidlar

PR = private midlar

11. Handlingplan for fysisk aktivitet

Tiltak	Ansvarleg	Kostnad	År
Skape møteplassar for ungdom for uformell/uorganisert fysisk aktivitet: open hall, ungdomsklubb, snowboard-treff m m.	Gol kommune i samarbeid med lag og organisasjonar	40 000	2009-12
Laurdagsøpe symjebasseng	Gol kommune	40 000	2010
Inkludere funksjonshemma i idrettslagets aktivitetar + utvikle nye tilbod	Gol IL/Gol kommune	Driftsutg. pr. år: 85 000	2009-12
Kurs for idrettskontaktar til funksjonshemma	Gol kommune		2009
Auke det kommunale investeringstilskotet til anleggsprosjekt i regi av lag og organisasjonar	Gol kommune	30-90 000	2009-12
Auke tilskotet til løypepreparering	Gol kommune	80-230 000	2009-12
Finne fram til ein modell for fellesgodefinansiering av ski- og turløyper	Gol kommune/Gol Reisemål/ Gol Utmarkslag		2010
Skilte, gradere, merke og rydde turstigar etter felles mal	Gol kommune/Gol Reisemål	30 000	2009-12
Utvikle eit "10 på topp-program"	Gol Reisemål		
Forankre og innarbeide konseptet "Aktiv bedrift" i alle verksemdar i Gol kommune	Gol kommune		2009
Gi lågterskeltilbod om trim/mosjon	Frivillige organisasjonar		2009
Vidareføre partnerskapsavtale mellom Gol kommune og Buskerud fylkeskommune	Gol kommune		2009-12
Inngå partnarskapsavtale for folkehelse med frivillige organisasjonar	Gol kommune		2009
Etablere seniortrim som fast tiltak	Frivillige organisasjonar		2009
Opprette utlånssentral for idrettsutstyr	Gol kommune/Gol IL	50 000	2009
Rydding av stigar til og langs elvar og vatn			2010

12. Upprioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde 2009-2019.

Upprioritert liste over langsiktige behov er basert på innkomne behov og ynskje. Prosjekt med ei kostnadsramme som ligg under grensa for å søke om spelemiddel er ikkje tatt med. Ved den årlege rulleringa av handlingsplanen er det berre prosjekt som står på den opprioriterte lista som blir vurdert. Unntak gjeld mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg (max. kostnadsramme 80.000)

Anlegg	Stad	Eigar/utbygger	Anslått kostnad (i 1000 kr)
Hallingmoprojektet/storhall mm	Hallingmo, Gol	Idrettslag/kommune/Næringsliv	
Tidtakarbu	Gol Skisenter	Gol IL	550
Lysanlegg	Gol Skisenter	Gol IL	1 800
Snøproduksjonsanlegg	Gol Skisenter	Gol IL	1 300
Fotball: Rehab. grusbane (kunstgras?)	Hallingmo	Gol IL/Gol kommune	600/ 3 000
Fotball: Rehab. Kunstgrasbanen	Hallingmo	Gol kommune	2 350
Friidrett: rehabilitering av løpebane	Hallingmo	Gol kommune	1 500
Langrenn: Garasje/reiskapshus	Solseter	Gol IL	500
Langrenn: Klubbhus	Solseter	Gol IL	1 000
Rehabilitering av rullebane	Klanten	Hallingdal Flyklubb	5 000
Luftssport: Internat med undervisningsrom	Klanten	Hallingdal Flyklubb	
Modellflyplass og modellbilbane	Klanten	Hallingdal Flyklubb	750
Modellbilbane		Hallingdal Modellbilklubb	
Motorsport: Sanitæranlegg	Fuglehaugen	NMK Gol	1 400
Revidere turstikart			250
Ridehall			
Skytebane	Smøget	Skytterlaga/Gol kommune	6 500
Skøytebane, kunstfrosen	Hallingmo	Gol IL/Gol kommune	
Symjehall, rehabil. av ventilasjonsanlegg	Gol samfunnshus	Gol kommune	1 800
Opplærings-/behandlingsbasseng	Gol samfunnshus	Gol kommune	
Rehabilitering av balløkker/aktivetsanlegg	Bustadfelt/greender /skular	Velforening/kommune	
Golfbinge	Gol sentrum	Hallingdal Golfklubb	250
Aktivetsanlegg/Ballbingar	Skuleområde	Gol kommune	
Løypetrase for snøscooter			
Opprusting av turstigar	Gol/Golsfjellet	Gol kommune/Gol Reismål	